



Mona Vetrhus debuterar saman med 14 andre i "Signaler" til veka.

I 20 år har "Signaler" vore antologien der kommande forfattarar har debutert. I år er ein av dei 15 som har sluppe gjennom nålauget frå Uskedalen. Det er Mona Vetrhus (31), som for tida tek ein mastergrad i litteraturvitenskap ved UiB og som tidlegare har gått på skrivekunstakademiet i Bø.

Sist fredag møtta ho uskedelingane på heimebane – [i gamleskulen på Haugland](#).

"Signaler", som blir utgjeve av Cappelen, blir sluppe 19. september i Oslo. Der er alle bidragsytarar inviterte til å vera med. 27. september blir bokslippet markert på Logen i Bergen. Mona seier til BT at det er veldig kjekt og inspirerande å få treffe dei andre som er med i "Signaler".

I år var det 270 skribentar som sendte inn manus. Redaktør er den prisbelønte forfattar Pedro Carmona-Alvarez frå Bergen. Han debuterte sjølv i "Signaler" i 1993 og har redigert antologien de fire siste årene saman med Ib Kleiser. Cappelen si skrytliste over bidragsytarar som seinare har vorte forfattarar er lang.